




Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep.
0030 OSLO



Uttale - utkast til forskrift til Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga

Vi viser til høringsbrev datert 12.04.11. Vår uttale omfattar berre det vi har merknad til eller meiner manglar i ny forskrift, eller som alternativt bør inn i rundskrivet, resten støttar vi.

Kapittel 1. Utanlandske statsborgaras rett til sosiale tenester

Vår erfaring er at NAV kontora er svært usikre på utanlandske statsborgaras rett til sosiale tenester. Forskrifta bør i større grad klargjera at den regulerer lovleg og kortvarig opphald i Norge. Vidare bør den gjere greie for rettar i tilknytning til EØS avtalen og Nordisk konvensjon om sosialhjelp og sosiale tenester.

Kapittel 2 Kvalifiseringsprogrammet (KVP)

Erfaringane frå sentralt KVP prosjekt og AFI – rapportane om Kvalifiseringsprogrammet, bør i større grad brukast i forskrifta.

Lovas § 29 som handlar om inngangsvilkåra til KVP er i liten grad gjort greie for i utkastet til forskrift. Vi har motteke mange spørsmål frå NAV kontora om desse. F eks – Kva er svært begrensa ytingar etter folketrygdlov el arbeidsmarknadslov? Kva meinast med vesentleg nedsett arbeidsevne? Kva betyr det at rett til KVP, føresett at NAV kontoret kan tilby eit tilpassa program? Vi ber Arbeidsdepartementet ta i vare denne usikkerheita anten i forskrift eller i rundskriv, slik at KVP blir gitt til den målgruppa den er meint for.

Forskriftas § 7 definerer arbeidsretta tiltak som arbeidstrening som førebur deltakaren på ein arbeidssituasjon. Dette er ei innsnevring av omgrepet “arbeidsretta tiltak”, slik det blir nytta i NAV kontora i dag. Slik blir også spekteret av tiltak som kan nyttas i KVP innsnevra. Vi foreslår at “arbeidsretta tiltak” får same tyding som i Forskrift om arbeidsretta tiltak (FOR 2008-12-11 nr 1320). Vidare kan utgangen av KVP være meir enn ordinært arbeid sjølv om det er hovudmålet. Vi foreslår derfor at ordet “arbeidstrening” fjernast og at det etter “arbeidssituasjon” leggst til, utdanning og arbeidsførebuande tiltak.

Det må i forskrift eller rundskriv komme klart fram at tid til helsehjelp, opptrening og eigenaktivitet mv. er meint å være innanfor ramma av 37.5 t per uke


KVP er eit individuelt program, i det ligg at det skal evaluerast jamleg og etter behov, dette bør komme fram i t tillegg til at det skal fastsettast tidspunkt for evalueringar.

Forskriftas § 8. KVP er foreslått avgrensa til “ein gang i livet tilbod” og innanfor ramma av 2,5 år. Etter vår meining avspeglar ikkje dette, at det her er snakk om ei sårbar, og utsatt målgruppe. Mange av personane i denne gruppa vil truleg ha behov for meir enn eit Kvalifiseringsprogram i løpet av livet. Dette kom også fram i høringsvara til Ot.prp.nr.70 (2006 – 2007)


Kapittel 3 Kvalifiseringsstønad

Forskriftas § 9 fastsett kr 27,- per dag i barnetillegg, dette låser størrelsen på beløpet. KVP er eit av regjeringas viktigaste tiltak i kampen mot fattigdom. Dette bør avspeglast i eit høgare kronebeløp som blir indeksregulert årleg.

Med helsing



Lodve Solholm
Fylkesmann



Marit Hovde Syltebø
Fung.direktør